



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet

Møtedato
08.04.2010

Saksnr
030/10

Sakshandsamar:
Ole Jakob Sande

Arkiv:
FE-, FA-S11

Arkivsaknr.:
10/299

Gravdal Kraft SUS - uttale til konsesjonssøknad

Vedlegg:

Dok.dato **Tittel**
15.03.2010 kartvedlegg Gravdal kraft.pdf

Dok.ID
32824

Bakgrunn for saka:

Gravdal Kraft AS under skiping søker Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) om konsesjon for bygging av kraftverk i Tverrelva og Ytre Gravdalsgjelet i Førde Kommune.

NVE har sendt søknaden til m.a. kommunen for uttale i samband med konsesjonssøknaden etter Vassressurslova § 8.

Dersom det vert gjeve konsesjon etter § 8 i Vassressurslova må kommunen handsame saka på nytt etter m.a. Plan- og Bygningslova. Den haldning kommunen har i konsesjonssaka bør vere retningsgjevande også ved seinare handsamingar.

Frist for uttale er sett til 26.03.2010. Kommunen har bedt NVE om utsett frist til 09.04.2010 for å gi Formannskapet høve til å handsame kommunen si fråsegn.

Saksutgreiing:

Det er planar om eit elvekraftverk i Tverrelva og elva i Ytre Gravdalsgjelet ved Gravdal, vest for Førde sentrum. Inntaket på kote 250 er planlagt etablert med lausmasseterskel på om lag 1m høgde i elvelaupet og inntakskanal til side for elvelaupet. Inntaksbassenget og kanalen får eit vassvolum på ca 300m³ og vil tene som sedimenteringsbasseng.

Ovanfor inntaket er det planlagt å overføre vatnet frå elva i Ytre Gravdalsgjelet til Tverrelva. Overføringa skal gjerast med ei nedgreve røyrgate på 500mm. Traseen for overføringsleidning er 900m lang og kan nyttast til skogsveg og tilkomst til vassinntaket.

Frå inntaket i Tverrelva vert driftsvatnet ført i ei 1000 m lang røyrgate med diameter 700 mm ned til kraftstasjonen på kote 2. Røyrgata skal gravast ned på heile strekninga, og nokre stader må det sprengast. Breidde på traseen er planlagt til 15m, og denne skal pussast opp med stadlege massar og plantast til på nytt.

Røyrgate traseen kryssar Rv 609 og Tverrelva, med etablering av kraftstasjonen på austsida

av elvelaupet. Vatnet vert ført frå kraftstasjonen og ut att i elvelaupet utan å etablere nytt utløp i Førdefjorden. Fram til kraftstasjon skal eksisterande jordbruksveg opprustast i ei lengde på 200 meter. Bygningen vert på ca 60m² og skal tilpassast lokal byggeskikk. Det er planlagt å nytte Peltonturbin, denne gjev støy og det er skissert støydempande tiltak.

Det vert rekna med ein produksjon på 6,2 GWh i middel kvart år. Søkjar har foreslått ei minstevassføring på 25 l/s heile året.

Inntaka i tiltaket er så små at det ikkje er vurdert å få nemnande konsekvensar ved eventuelle dambrot. Eventuelle brot på tilløpsrøret kan medføre skader på 3 bustadhus og røret er foreslått klassifisert i brotkonsekvensklasse 2.

Anlegget skal knytast til eksisterande 23 kV kraftleidning med jordkabel frå kraftstasjon. I følgje søknaden er det for tida ikkje ledig kapasitet på det overliggande nettet, og kraftverket kan ikkje tilknyttast nettet før det er bygt ny 420 kV linje Fardal-Ørskog (2014).

Saman med søknaden fylgjer miljøfagleg utgreiing, utført av Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser. Utgreiinga stadfestar at området har fleire viktige naturkvalitetar. I området er det sikre observasjonar av hubro, oter, hønehauk og stær, som alle er artar på raudlista. Av raudlisteartar er det også peika på at jerv, gaupe, kongeørn og fjellvåk truleg førekjem i området. Av planteartar er det nokre styva almetre. I området er det også registrert lokalt viktige naturtypar av typen *Rik edellauvskog* og *Bekkekløft og bergvegg* gjennom kommunen si biologisk mangfald kartlegging.

Rapporten konkluderer med at området med omsyn til naturverdiane samla har *middels verdi*, verknader av tiltaket er *middels til stort negativt*, og konsekvens av tiltaket er *middels negativt*. Det er skissert nokre avbøtande tiltak;

- Minstevassføring på 25 l/s er eit minimum, og den bør vurderast auka i sommarhalvåret.
- Det bør ikkje gjerast inngrep i lokaliteten rik edellauvskog.
- Alle terrenginngrep bør utførast og avsluttast på skånsam måte, med revegetering av stadlige masser og røter.
- Anleggsarbeidet bør utførast utanom yngleperioden for fugl og pattedyr. Med omsyn til hubro bør anleggsaktivitet unngåast i perioden januar til juli.

Det er vurdert at tiltaka har liten innverknad i forhold til fisk og hjort, og det er ikkje kjende kulturminne som vert råka av tiltaka.

Selskapet som søker konsesjon er eit privat aksjeselskap under skiping, eigd av grunneigarane som har fallrettar i prosjektet. Føremålet med tiltaket er å styrkje lokalt næringsgrunnlag, busetnad og aktivitet.

Overordna rammer:

Prosjektet er ikkje kategorisert i Samla Plan.

Planlagt kraftverk med inntaksdam, overføringsleidning, røyrgate og kraftstasjon ligg i Landbruks-, Natur- og Friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Kraftstasjon og delar av røyrgate er planlagt innanfor 100-metersbeltet langs sjø. I fjorden utanfor utløpsområde er det i kommuneplanen sin arealdel regulert eit areal til låssettingsplass for fiskeredskapar.

Kraftverket fell utanfor dei tiltaka som kan reknast som tilhøyrande til LNF-kategorien. I Miljøverndepartementet sin rettleiar om arealplanlegging heiter det at kraftverk som ikkje

vert nytta som energikjelde i tradisjonell landbruksdrift, vil vere i strid med LNF-kategorien (T1382 s. 64).

Før kraftstasjonen eventuelt kan etablerast, må det difor vere gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (pbl § 19-1), samt dispensasjon frå forbod mot tiltak mv langs sjø og vassdrag (pbl § 1-8).

Bygging av bekkeinntak i Ytre Gravdalsgjelet vil saman med tilhøyrande rørtrase og tilkomstveg føre til reduksjon av inngrepsfrie område i sone 2, 1 – 3 km frå inngrep, med 0,35 km².

Innanfor nedslagsfeltet for planlagt kraftverk er det fleire stader vurdert potensiell fare for stein- og snøskred.

Rådmann si vurdering av søknaden:

Tiltaket vil i stor grad gjere seg nytte av eksisterande vegar i området, og rådmann ser ikkje vesentlege konflikthar knytt til planlagt ny vegbygging.

Utbyggingsområdet er relativt lite framkomeleg og såleis lite brukt som turområde. Rådmann ser difor ikkje at tiltaket har særleg innverknad for allmenn ferdsel i området.

Gjennom biologisk mangfald kartlegginga som vart gjennomført i 2005, vart det registrert 37 lokalitetar i kommunen. Både *Rik edellauvskog* og *Bekkekløft og bergvegg* er naturtypar som det er få av i Førde, høvesvis 4 og 2 lokalitetar. Rådmann meiner difor at det må takast omsyn til desse og unngå inngrep som reduserer verdien av dei.

Med bakgrunn i dette, registrerer rådmann at omsøkt minstevassføring er eit minimum. Miljøfagleg utgreiing som ligg ved søknaden tilrår at minstevassføringa vert auka noko, spesielt i sommarhalvåret. Spesielt av omsyn til lokaliteten *Tongagjelet – Bekkekløft og bergvegg*, meiner rådmann at det også er viktig å oppretthalde ein minstevassføring i elva som renn i Ytre Gravdalsgjelet. Elva renn gjennom lokaliteten før den renn saman med Tverrelva på kote 95. Rådmann finn at eventuell konsesjon må setje klare vilkår for minstevassføring i denne greina etter overføring til Tverrelva.

Lokaliteten *Kirkebø – Rik edellauvskog* ligg rett nord for planlagt tilløpsrøyr for kraftverket. I tillegg renn det ein bekk som spring ut i frå Tverrelva. Rådmann meiner at eventuell graving i samband med rørtrase må unngå inngrep i lokaliteten. Vidare må det klarleggast om minstevassføring er tilfredstillande for å oppretthalde vassføring i bekken gjennom lokaliteten, med utgreiing av kva konsekvensar ei eventuell tørrlegging av bekken vil ha for edellauvskog.

Artar på raudlista er gradert frå sårbar til sterkt trua. Det er eit særskilt ansvar for alle å ta vare på raudlisteartar for å sikre biologisk mangfald.

Strandlinja langs fjorden ved Gravdal er vurdert som godt eigna for eventuell etablering av djupvasskai. Området er eitt av få attverande areal i indre del av Førdefjorden til slikt føremål som ikkje er bandlagd av anna arealbruk. Etablering av kai er ikkje avklara i kommuneplanen sin arealdel, men rådmann meiner det er viktig at ein eventuell kraftstasjon ikkje blir plassert slik at den bandlegg for stort areal med tanke på eventuell framtidig bruk av området. For å unngå bandlegging av for stort område, meiner rådmann at det må vurderast om det er mogeleg å plassere eventuell kraftstasjon på vestsida av elvelaupet.

Rådmann føreset handsaming av støyproblematikken i samsvar med retningslinje T-1442, for både land og sjø. Rådmann meiner også at det vert gjort ei nærare vurdering av skredfaren i samband med tiltaka.

Det er positivt at det vert nytta jordkabel mellom kraftverket og nettstasjon. Rådmann vil også gjere merksam på at planane for kraftverket viser at traseen for tilløpsrøret tilsynelatande går tvers gjennom eller svært nær bustadhuset på Gbnr 64/31.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eventuell kraftutbygging kan ha negative verknader for viktige naturområde i Førde. På vilkår av at konsesjonshandsaminga avklarar at eventuelle tiltak tek tilstrekkeleg omsyn til naturkvalitetane i området, rår Førde Kommune til at det kan gjevast konsesjon for bygging av Gravdal Kraftverk.

Kommunen meiner desse vilkåra må spesielt vurderast;

1. Det må sikrast minstevassføring i alle elvane slik at vilkåra for viktige naturtypar og artar ikkje vert nemneverdig endra.
2. Støytiltak må utførast i samsvar med gjeldande retningslinjer.
3. Plassering av kraftstasjon må vurderast plassert på vestsida av elvelaupet, med omsyn til å unngå bandlegging av strandsone for eventuell framtidig bruk.

Handsaming i Formannskapet 08.04.2010:

Til handsaminga vart det utdelt; Høyringsfråsegn - Gravdal Kraft - datert 26.03.10 frå Sogn og Fjordane Turlag.

Krf v/ Bjørn Harald Haugsvær gjorde framlegg om slik endring til vedtak;

Førde kommune rår til at det skal gjevast konsesjon for bygging av Gravdal Kraftverk på vilkår av at konsesjonshandsaminga avklarar at eventuelle tiltak tek tilstrekkeleg omsyn til naturkvalitetane i området.

Kommunen meiner desse vilkåra må spesielt vurderast;

1. Det må sikrast minstevassføring i alle elvane slik at vilkåra for viktige naturtypar og artar ikkje vert nemneverdig endra.
2. Støytiltak må utførast i samsvar med gjeldande retningslinjer.
3. Plassering av kraftstasjon må vurderast plassert på vestsida av elvelaupet, med omsyn til å unngå bandlegging av strandsone for eventuell framtidig bruk.

Avrøysting:

Krf sitt framlegg fekk 1 røyst (Krf)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 8 røyster og vart vedteke.

FORM-030/10 Vedtak:

Eventuell kraftutbygging kan ha negative verknader for viktige naturområde i Førde. På vilkår av at konsesjonshandsaminga avklarar at eventuelle tiltak tek tilstrekkeleg omsyn til naturkvalitetane i området, rår Førde Kommune til at det kan gjevast konsesjon for bygging av Gravdal Kraftverk.

Kommunen meiner desse vilkåra må spesielt vurderast;

1. Det må sikrast minstevassføring i alle elvane slik at vilkåra for viktige naturtypar og artar

ikkje vert nemneverdig endra.

2. Støytiltak må utførast i samsvar med gjeldande retningslinjer.
3. Plassering av kraftstasjon må vurderast plassert på vestsida av elvelaupet, med omsyn til å unngå bandlegging av strandsone for eventuell framtidig bruk.

Førde, den 17.03.2010

Ole John Østenstad
Rådmann

Reidar Hatlebrekke
Leiar arealforvaltning
Tlf. 57722012

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	01.02.2010	Norges Vassdrags- og Energidirektoratet	Søknad om løyve til å byggje Gravdal kraftverk - Høyring - Kunngjering
2	U	23.02.2010	Biblioteket; Servicetorget	Gravdal Kraft SUS - Høyring om søknad om løyve til å byggje Gravdal Kraftverk
3	I	23.02.2010	Statens vegvesen Region Vest	Merkand til søknad om løyve til å byggje Gravdal kraftverk - Høyring
5	U	15.03.2010	Norges Vassdrags- og Energidirektoratet	Gravdal Kraft SUS - Gjeld uttale til søknad om løyve til å bygge Gravdal kraftverk i Førde kommune - Førespurnad om utsett frist for fråasegn
6	I	17.03.2010	Norges Vassdrags- og Energidirektoratet v/ Kirsten Marthinsen	Stadfesting vedk vår søknad om utsett høyringsfrist for sak 200800204
7	I	25.03.2010	Plan og samfunnsavdelinga Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Vedk Førde kommune sin uttale ang. Gravdal kraftverk